

Fleire kulturminne på Kjærland?

01.03.2014

Fylkeskommunen er sektorstyresmakt innan kulturminnevern og har motteke til fråsegn søknaden om nydyrking på Kjærland, (gardsnummer 230, bruksnummer 2)

Det er kjent tidlegare funn av automatisk freda kulturminne på garden - gull fingerring og leirkar frå gravhaug. Det er også kjent ei rekkje funn frå nabogardane og difor kan det vera potensial for fleire funn.

Av denne grunn vil fylkeskommunen gjennomføre ei synfaring før dei kjem med fråsegn. Under synfaringa vil dei vurdere om det er naudsynt med ei vidare arkeologisk registrering. Synfaringa vil skje snarast mogeleg

Tekst og NETT: Ola Matti Mathisen